



Dei 3 lokale trubadurane som hadde suksess med Taube på heimebane

Taubkvelden i Oska skjærtorsdag vart svært vellukka med rundt 50 frammøtte og eit program som var den svenske nasjonalskalden verdig. Evert Taube har ein sterk posisjon også hos oss. Ingen kunne unngå å verta sterkt rørde då det siste verset av Englamarken vart sunge:

**Kalla den englamarken
eller himlajorden om du vil
jorden vi ervde och lunden den grøna
vildrosor och blåsipor og
lindblommor och kamomill
låt dom få leva, de er ju så skøna!**

Trioen Kristian Bringedal, Hans Gustav Mussland og Reidar Myklebust med den siste som idemakar leia allsongen gjennom eit svært representativt utval av den mektiga produksjonen til Taube, tilsaman 15 komposisjonar.

Det var ingen tvil om at kvelden var godt planlagd og vi sakna ingen spesielle songar når ein måtte gjera eit utval

Programmet starta med den alltid lika populære Dansen på Sunnanø og slutta med Englamarken og vi var sjølvsagt innom mellom andre Rønnerdal og Fritjof Anderson, dottera Ellinor, flickan i Havana, Maj på Malø og Fritiof i Arkadien for å nemna i fleng. Men også mindre kjende songar var med - til dømes den vakre hyldningssongen til Taubes eige Bohuslen der Rønnerdal også spelar ein viktig roll og Møte i monsunen.

Men størst inntrykk gjer nok naturvernaren Taube i dette verset:

**Sluta att utrota skogarnas alle djur.
låt ørnen flyga, låt rådjuren løpa,
låt sista elven som brusar i vår natur
brusa alltjemt mellan fjellar och gran og fur!**

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen